

Lokale forskrifter etter ny opplæringslov 01. august 2024

Høringsutkast for lokale forskrifter i Fjaler kommune.

Høringsfrist er sett til **24. juni 2024**. Høringsinnspel som kjem etter det vil ikkje verte vurdert. Saka skal til politisk handsaming.

Kommunar og fylkeskommunar pliktar å sørgja for høyring, vedtak og offentleggjing av eigne lokale forskrifter i samsvar med ny opplæringslov som trer i kraft 01. august 2024.

Den nye opplæringslova inneheld fleire område der kommunar og fylkeskommunar **skal** gje forskrifter, i tillegg til område der dei **kan** gje forskrifter.

Vedlagt følgjer 5 høringsutkast.

- 1. Lokal forskrift om permisjon frå opplæringa i Fjaler kommune**
- 2. Lokal forskrift om skulefritidsordning i Fjaler kommune**
- 3. Lokal forskrift om skulereglar og skuledemokrati for grunnskulen i Fjaler kommune**
- 4. Lokal forskrift om hovudmål ved grunnskulen i Fjaler kommune**
- 5. Lokal forskrift om skuleruta 2024/2025, Fjaler kommune**

Alle 5 forskrifter skal kunngjerast på Lovdata. Før kunngjering må dei vera høyrde og vedtekne i Fjaler kommunestyre. I første omgang kjem no høyring av dei 5 første forskriftene.

Helsing

Kjell Roger Stien

Kommunalsjef oppvekst

1. Lokal forskrift 1. august 2024 om permisjon frå den pliktige opplæringa ved grunnskulen i Fjaler kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Fjaler 20. juni 2024 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova §2-2)

§ 1. Verkeområde

Forskrifta gjeld pliktig grunnskuleopplæring etter opplæringslova § 2-2.

Forskrifta gjeld for elevar i Fjaler kommune.

§ 2. Forsvarlegheit

Elevar kan berre få permisjon dersom opplæringa samla sett er forsvarleg.

§ 3. Faste prøvar

Det skal ikkje gjevast permisjon ved førebuing til- og gjennomføring av;

- a) statlege kartleggingsprøver
- b) nasjonale prøvar
- c) eksamen munnleg og skriftleg
- d) prøvar og vurderingssituasjonar som er sett opp i terminplan/prøveplan

§ 4. Øvre grense for permisjon per skuleår

Elevar kan i utgangspunktet ikkje få permisjon i meir enn 10 skuledagar per skuleår.

Kontaktlærer kan gje fri 1-3 dagar, rektor kan gje fri 10 skuledagar.

Dersom øvre permisjonsgrense skal overtredast, skal det føreligge særskilde årsaker og vedtaket skal gjerast av kommunedirektør ved kommunalsjef oppvekst.

§ 5. Permisjon i 1-3 dagar per skuleår

Søknad om permisjon i 1-3 dagar i løpet av et skuleår skal innvilgast, dersom vilkåra i §§ 2- 4 er oppfylt.

§ 6. Permisjon i 4-10 dagar per skuleår

Søknad om permisjon i 4-10 dagar skal innvilgast, dersom vilkåra i §§ 2-4 er oppfylt og tungtvegande grunnar taler for det.

Tungtvegande grunnar som til dømes: spesielle arrangement eller markeringar knytt til politisk arbeid, organisasjonsarbeid, familie, eller deltaking ved idrettsleg eller kulturell konkurranse/stemne på høgt nivå.

§7 Permisjon ved religiøs heilagdag

Ein elev som høyrer til eit anna trussamfunn enn Den norske kyrkja, får innvilga permisjon frå skulen dei dagane trussamfunnet har heilagdag, dersom foreldra sørgjer for den opplæringa som må til for at eleven skal kunne følgje med i opplæringa på skulen etter fråværet.

§ 8. Forskrifta trer i kraft 1. august 2024

2. Lokal forskrift 1. august 2024 om skulefritidsordning i Fjaler kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyre i Fjaler kommune 20. september 2024 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 4-5, femte ledd.

§ 1 Føremål

Kommunen skal ha tilbod om SFO før og etter skuletid for elevar på 1. til 4. trinn og for elevar med særlege behov på 1. til 7. trinn. Forskrift skal gjere regelverket meir tilgjengeleg og føreseieleg for dei som nyttar seg av SFO.

§ 2 Verkeområde

Forskrifta gjeld den offentlege grunnskulen i Fjaler kommune. Forskrifta gjev fråsegn som gjeld for skulefritidsordninga (SFO). Alle skular med barnetrinn (1.-7. årstrinn) skal ha ei skulefritidsordning for elevar på 1. til 4. årstrinn og for elevar med særlege behov på 1. til 7. årssteg.

§ 3 Eigar

Fjaler kommune er eigar av SFO som er knytt til den offentlege grunnskulen i Fjaler kommune.

§ 4 Opptaksmyndigheit

Rektor er opptaksmyndigheit for SFO på skulane. Opptak skjer i samarbeid med SFO leiar.

§ 5 Opptakskriterium

SFO er eit frivillig aktivitets - og omsorgstilbod før og etter skuletid for elevar på 1. - 4. trinn og for elevar med særskilde behov på 1. - 7. trinn. Kriterium for tildeling av plass for born med særskilde behov, er at barnet har nedsett funksjonsevne som fører til omfattande og/eller vedvarande trong for tilsyn før og etter skuletid. Søknaden skal grunngjevast og dokumentasjon frå sakkunnig instans skal leggjast ved søknad.

§ 6 Opptaksperiode og endring av plass

Søknad om opptak skal sendast rektor innan fristen, 1. mars. I søknaden må det gjevast melding om eventuelle vanskar SFO bør kjenna til. Alle søkjarar har garantert plass ved hovudopptak. Opptak utanom søknadsfrist kan vurderast dersom ressursituasjonen gjer det mogeleg. Dette er avhengig av tal born som er påmelde og bemanningsplanen som er lagt etter hovudinntaket. Det skal skrivast ein eigen avtale om opphalds- og betalingsvilkår for kvart barn.

Dersom det er ledig kapasitet i høve til gjeldande bemanning, er det høve til å søkje om å få utvide frå redusert til heil plass på ein-skild dagar. Også barn utan fast SFO-plass kan kjøpe enkeltdagar på skuledagar og i feriar dersom det er ledig plass. SFO- leiar avgjer.

§ 7 Oppseiing av plass

Plassar kan seiast opp skriftleg med 1 måned varsel, påfølgjande frå fyrste i månaden. Det må betalast i oppseiingstida sjølv om plassen ikkje vert nytta til dømes i endringar av opphaldet frå heil til halv plass.

§ 8 Opphøyring av plass

Fjaler kommune kan seia opp ein plass ved manglande betaling, men med ein måned skriftleg varsel.

§ 9 Dagleg opphaldstid og årleg opningstid

Skulefritidsordninga har ulike grunntilbod som går dei 10 månadane det er skule.

Dagleg opningstid er for Dingemoen skule 07.15.-16.15, Flekke skule 07.30.-16.15. og Våge skule kl 07:45 - 16:15. SFO er open i skuleferiar, bortsett frå i 4 samanhengande veker i juli og inntil 6 planleggingsdagar for året. SFO er stengt i perioden 24.12 – 01.01 og onsdag før skjærtorsdag.

a) Heil plass er 38 veker der SFO-tilbodet er ca 20-26 timar pr veke.

b) Redusert plass er på om lag 15-20, 10-15 eller 1-10 timar pr. veke,

Administrasjonen kan tilpassa tilboda til skulesituasjonen kvart år.

§ 10 Foreldrebetaling

Foreldra betaler etter satsar ut frå ein fast timepris som er lik for alle tilboda.

Betalinga vert fordelt på 10 månadlege innbetalingar. Juli og august er månader utan faktura på grunn av at det er start- og avsluttande månadar.

Betalingssatsane ligg fast, men foreldre/føresette kan gjera avtale om avgrensa tilpassingar for opphaldstida.

Påmeldinga til feriedagar er bindande, og må betalast for også om barnet ikkje møter.

Elevar på 1., 2. og 3. trinn har rett på 12 timar gratis SFO i veka.

Dersom ordninga vert utvida til å gjelda 4. trinn, på eit seinare tidspunkt, vil forskrifta også gjelda for dei.

For elevar med særlege behov på 5. til 7. trinn er tilbodet gratis.

§ 11 Innhaldet i tilbodet på SFO

SFO skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og borna sine interesser. SFO skal gje omsorg og tilsyn. Den nasjonale Rammeplanen for SFO presiserer regelverket og kva som er verdigrunnlaget for SFO, og den skildrar innhald og arbeidsmåtar i SFO. Rammeplanen er førande for SFO. Ved matsservering skal maten vere av god og ernæringsmessig standard. Sosiale og kulturelle verdiar ved måltidet skal vektleggjast. Det psykososiale miljøet i SFO skal fremje helse, inkludering, trivsel og læring. Forskrifta til skulen om skulereglar gjeld ikkje for SFO. SFO skal laga lokalt tilpassa ordensreglar for opphaldet i SFO.

§ 12 Leike og opphaldsareal

Skulefritidsordninga har faste baser på kvar av skulane. Dei har og høve til å nytte andre rom ved skulen etter behov. Leikeplassen på skulane er uteareal utanom organiserte turar.

§ 13 Styring og leiing

SFO er administrativt underlagt kommunedirektøren ved kommunalsjef oppvekst. Rektor har det administrative, faglege- og økonomiske ansvaret for ordninga ved kvar skule i Fjaler. SFO-leiar skal ha minimum fagarbeidarutdanning.

SFO-leiar har møte- og uttalerett i skulen sitt samarbeidsutval (SU) i saker som vedkjem SFO.

§ 14 Bemanning

Bemanninga må være forsvarleg i høve til borna sin alder og føresetnader.

Det bør ideelt sett vere ein vaksen pr. 12 born som ein grunnregel. Som grunnlag for vurdering av bemanninga skal rektor i hovudsak leggje til grunn eit årsverk per 18 hele plasser. Personale som skal ivareta born med særskilde behov, vert tilsett utover den ordinære bemanninga etter ei fagleg vurdering av rektor og SFO-leiar. Det er ynskeleg at personalet i SFO har relevant utdanning og/eller erfaring med arbeid med born i aldersgruppa. Bemanninga i SFO kan verta sett saman av assistentar, personar med relevant fagbrev og personar med høgare utdanning.

§ 15 Forsikring Ulykkesforsikring

Skuleforsikringa, gjeld også for born i SFO. Fjaler kommune ikkje erstatningsplikt for eigendelane til borna på SFO, utover vanleg erstatningsrettslege reglar.

§ 16 Iverksetting

Forskrifta trer i kraft 1. august 2024.

3. Lokal forskrift 1. august 2024 om skulereglar og skuledemokrati for grunnskulen i Fjaler kommune

Heimel: Fastsett i Fjaler kommunestyre den 19. september 2024 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova §§ 10-7 og 13-1).

§ 1 Føremål

Alle elevar og tilsette i grunnskulen i Fjaler skal oppleve eit trygt, inkluderande og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring (opplæringslova § 12-2). Skulereglane skal bidra til å skape eit godt forhold mellom elevar og føresette og alle tilsette på skulen. Skulen skal sørge for at elevar og føresette får ytre seg gjennom å vere med på å planleggje, gjennomføre og vurdere mellom anna arbeidet med skulemiljøet, kvalitetsutvikling i opplæringa og utarbeiding av skulereglar, etter opplæringslova § 10-4 (Skuledemokratiet).

Elevane må trenast opp i å opptre omsynsfullt og utvikle medvit om eigne haldningar og skulen skal formidle verdien av ein lyttande dialog for å handtere motstand.

Skulereglane inneheld:

- a) reglar om skoledemokrati og organisering av skoledemokrati (opplæringslova §§ 10-4 og 10-5)
- b) elevane sine rettar
- c) reglar for orden og oppførsel
- d) tiltak ved brot på reglane og informasjon om korleis slike saker skal handsamast

§ 2 Verkeområde

Skulereglane gjeld for alle elevar i grunnskulen i Fjaler kommune. Skulereglane gjeld på skulen sitt område i skuletida, ved organisert skuleskyss, ved alternative læringsarenaer som er under skulen si leiing og ansvar, og ved andre aktivitetar som har direkte tilknytning til skulegangen. Skulereglane er også gjeldande ved bruk av skulen sin digitale infrastruktur, også utanfor skulen.

§ 3 Skuledemokrati og organisering av skuledemokrati

Skulen må aktivt leggje til rette for at alle elevar skal kunna ytre seg, og oppmuntre dei til å delta i skuledemokratiet uavhengig av alder, kjønn, etnisitet, funksjonsnivå og sosial bakgrunn. Skulen skal hjelpe elevane i arbeidet med skuledemokratiet. Skulen skal ha eit elevråd valt av elevane. Elevane kan velje å organisera seg på ein annan måte (opplæringslova § 10-5).

Fjaler kommune har eit aktivt ungdomsråd som har valte representantar frå ungdomstrinnet og vidaregåande skule. Dei valde representantane vert formelt valt av kommunestyret i Fjaler. Desse har rett til å få fritak frå undervisning når vervet deira krev det.

Kvar grunnskule skal ha eit arbeidsutval (FAU) som er valt, på våren, av føresette på skulen. Føresette ved skulen avgjer sjølv korleis arbeidsutvalet skal veljast og organiserast. Foreldra kan velje å organisere seg på andre måtar enn ved eit arbeidsutval (opplæringslova § 10-5).

Ved kvar grunnskule skal det vera eit samarbeidsutval (SU) som har rett til å uttale seg om skulereglar og lokale reglar. SU vert valt på våren. Samarbeidsutvalet er eit

rådgjevande organ og har ikkje slutningsmynde for skulen (opplæringslova § 10-5). Samarbeidsutvalet skal vere samansett av elevar, føresette, tilsette, rektor og politisk oppnemnd medlem. Rektor er sekretær for samarbeidsutvalet. Elevane skal ikkje delta i handsaming av saker som er omfatta av lovfesta teieplikt.

§ 4 Bruk av mobiltelefonar og smartklokker

Skulane i Fjaler kommune skal vera mobilfrie i tråd med nasjonale tilrådingar. Skulen skal utarbeide lokale reglar om oppbevaring av mobiltelefonar i skuletida. Mobiltelefonar kan brukast pedagogisk i opplæringa etter avtale med tilsette og/eller i tråd med eventuelle sakkunnige vurderingar og enkeltvedtak. Smartklokker skal likestillast med mobiltelefonar. Digitale krenkingar som påverkar elevane sin skuledag og kvardag, er forbode. Det same gjeld for digital trakassering av tilsette. Mobiltelefonar og smartklokker vert teken med til skulen på eige ansvar.

§ 5 Eleven sine rettar

Elevar har rett til

- a) å uttrykke seg om korleis dei har det og om det som er viktig for dei
- b) eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, læring, inkludering og trivsel. Dette inneber at elevar har rett til å ikkje bli plaga, mobba eller haldne utanfor.
- c) å vere ein del av skulen og klassen sitt fellesskap, både fagleg og sosialt
- d) at omsynet til deira beste vert vurdert før det vert teke slutningar som vedkjem dei
- e) å bli handsama på ein ordentleg måte og vist respekt og forståing

§ 6 Omsyn til eleven sitt beste og eleven sin rett til å bli høyrd

I alle saker som vert handsama etter dette reglementet, skal omsyn til barnets beste vere eit grunnleggjande. Skulen skal også ivareta elevar sin rett til å bli høyrd.

§ 7 Orden

Elevane skal ha god orden.

Det er god orden å:

- a) ha med bøker og nødvendig utstyr
- b) utføre skulearbeidet innan fastsette fristar
- c) møte presis til opplæring og avtalar
- d) ikkje forlate skulen sitt område utan løyve
- e) ta vare på og halde orden i utstyr som vert brukt i opplæringa
- f) bidra til å halde inne- og uteområda fri for søppel og kjeldesortere avfall

§ 8 Åtferd

Elevane skal ha god åtferd. Det er god åtferd å:

- a) bidra til å skape eit positivt og inkluderande skule- og læringsmiljø
- b) ta omsyn til- og vise respekt for medelevar og tilsette
- c) delta og vere aktivt med i opplæringa
- d) bidra til arbeidsro i opplæringa
- e) følgje beskjedar frå dei tilsette på skulen

- f) følge skulen sine retningslinjer for bruk av digitale løysingar
- g) behandle undervisningsmateriell, bøker og utstyr inne og ute forsvarleg

Åtferd som ikkje vert akseptert:

- a) utsetje andre for krenkande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, rasisme, utestenging, vald eller truslar om vald
- b) ta med- eller bruke gjenstandar som kan skade personar, bygningar eller inventar
- c) fusk / juks og plagiat ved prøvar eller i anna skulearbeid
- d) ta med eller bruke sigarettar, snus, e-sigarettar, alkohol, narkotika eller andre rusmiddel
- e) utøve hærverk på skulen sin eigedom, i og utanfor skuletid
- f) utøve hærverk på andre sine eigendelar/eigedom
- g) bruke plagg som heilt eller delvis dekkjer ansiktet

§ 9 Grunnlag for vurdering i orden og åtferd

Korleis eleven opptrer i samsvar med § 7 i skulereglane og lokale reglar vil vere grunnlag for vurdering i orden. Korleis eleven opptrer i samsvar med § 8 i skulereglane og lokale reglar vil vere grunnlaget for vurdering i åtferd. Ved vurdering i orden og åtferd gjeld også §§ 9-2 og 10-7 i forskrift til opplæringslova.

§ 10 Tiltak ved brot på skulereglar

Dei tilsette på skulen kan gje ei munnleg eller skriftleg melding.

Føresette vert kontakta via skriftleg melding i skulen sitt elevadministrative system eller ved at ein ringjer frå skulen.

Inndraging av gjenstandar:

- a) Gjenstandar som forstyrrar arbeidsro og opplæring kan mellombels verte fråtekne.
Kor lenge gjenstandane kan vere fråtekne ein elev må vurderast ut frå kor alvorleg og gjentakande brotet på reglane er.
- b) Fråtekne gjenstandar skal leverast tilbake til eleven seinast etter at skuledagen er slutt.
- c) Fråtekne gjenstandar som sigarettar og/eller snus må hentast av føresette.
- d) Ulovlege gjenstandar som t.d. våpen og våpenliknande gjenstandar, og alle former for rusmiddel, skal inndragast av skulen v/ rektor og leverast til politiet.
Føresette vert varsla.

Erstatning

Ved skade eller skadeverk på eigedom eller utstyr til skulen kan eleven og foreldra til eleven gjerast erstatningsansvarleg etter skadeerstatningslova §§ 1-1 og 1-2. Eleven kan få tilbod om å utbetra skaden sjølv, dersom det er mogleg og hensiktsmessig. Det same gjeld om eleven har forårsaka tap av undervisningsmateriell. I dei tilfella kommunen er dekkja via forsikring vil ansvaret vere avgrensa til eigenandelen. Dersom forsikringselskapet krev tilbakebetaling frå den som har utført skadeverk, har ikkje Fjaler kommune ansvar.

Bortvising (jmf opplæringslova 13-1):

Terskelen for å utvisa elevar skal vera høg og berre vere eit tiltak i unntakstilfelle. Ein kan berre utvisa elevar som direkte konsekvens av svært alvorlege eller gjentekne brot på skulereglane. Dette gjeld uavhengig av lengda på bortvisinga. Andre tiltak skal alltid vurderast før bortvising vert nytta. Ei vurdering av barnets beste vil som regel tilseia at dette tiltaket skal nyttast i svært få tilfelle.

Det er rektor som vedtek utvisning frå opplæringa. Føresette skal varslast før ei utvising trer i kraft.

§ 11 Framgangsmåte ved bruk av tiltak etter § 10

Eleven har rett til å bli høyrst før det vert teke avgjerd om tiltak, jf. § 10-2 første ledd andre punktum. Alle tiltak ved brot på reglar skal vere av ein slik art at eleven forstår kva reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere på dette. I vurderinga av tiltak skal regelbrot og tiltak sjåast i samanheng. Det skal leggjast vekt på alder, føresetnader og vilje hjå eleven til å rette opp i regelbrotet. Kollektive reaksjonar ved brot på reglar skal ikkje førekome. Fysisk refs eller krenkande handsaming av elevar ved brot på reglar er ikkje lov.

§ 12 Iverksetting

Denne forskrifta skal tre i kraft 1. august 2024

4. Lokal forskrift 1.august 2024 om hovudmål ved grunnskulane i Fjaler kommune

Heimel: Forskrift om hovudmål på skulane i Fjaler kommune vert fastsett av Fjaler kommunestyre den 19. september, 2024 med heimel i lov 9.juni 2023 nr 30 om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, §15-2 første ledd.

§1 Føremål og verkeområde

Forskrifta gjeld for alle elevar og tilsette ved skulane i Fjaler kommune, Vestland.

§2 Hovudmål

Nynorsk er hovudmålet ved grunnskulen i Fjaler kommune, Vestland. Skulane skal bruke nynorsk i den skriftlege opplæringa og i den skriftlege kommunikasjonen med elevar og foreldre og andre.

§3 Fjaler kommune sitt målføre er nynorsk

Fjaler kommune er vedteken å vere ein nynorsk-kommune. For tida har kommune ikkje eigen oppdatert målbruksplan. Grunnskulen i Fjaler kommune skal nytte nynorsk som målføre.

§ 4 Iverksetting

Forskrifta trer i kraft 1. august 2024.

5. Lokal forskrift 1. august 2024 om skulerute for grunnskulen i Fjaler kommune 2024-2025

Heimel: vedteke av kommunestyret i Fjaler kommune 19. september 2024 med heimel i Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova LOV-2023-06-09-30) § 14-1 andre ledd.

§ 1 Føremål og verkeområde

Forskrifta gjev informasjon om skule- og feriedagar elevane har i skuleåret 2024-2025.

Elevane har rett og plikt til å møte på skulen på dei fastsette skuledagane.

Forskrifta gjeld for alle elevane i grunnskulen i Fjaler kommune

§ 2 Felles datoar

Det er fastsett i opplæringslova at opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker.

Skulerute 2024/2025

Månad	Veke/ dato	Hending	Skuledagar (elevar)
August	Torsdag 15.	Første skuledag	12
September			21
Oktober	Veke 41, mandag 07. – fredag 11	Haustferie	18
November	Fredag 01.	Elevfri dag	20
Desember	Mandag 23. – onsdag 01.01.	Juleferie	15
Januar	Fredag 31.	Elevfri dag	21
Februar	Veke 8 mandag 17.-fredag 21.	Vinterferie	15
Mars			21
April	Siste skuledag før påske fredag 11. Første skuledag etter påske tysdag 22.	Påskeferie	16
Mai	Fredag 02.05. og fredag 30.05	Elevfri dag	18
Juni	Torsdag 19.	Siste skuledag	13
		Tal skuledagar	190

Dale vgs følger skuleruta for Fjaler:

- Oppstart og avslutning av skuleåret er lik for Fjalerskulen og Dale vgs..
- Dale vgs. følger Fjaler sin vinterferie.

§ 4 Iverksetjing og opphøyr

Forskrifta trer i kraft 01.08.2024 med opphøyr 31.07.2025, eller til den vert erstatta med ny forskrift.